



Den norske legeforening
Att: Hanne Gillebo-Blom
Norsk sykepleierforbund
Att: Harald Jesnes

Vår ref: (oppgi ved kontakt)
2016/3255 - 20306/2017

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Agnes Landstad,
mobil 91546610

Førde,
19.06.2017

Svar på henvendelse vedrørende styremøte i Helse Førde HF

Vi viser til dykkar brev av 21.april 2017 vedrørende bekymring for mangel på openheit i samband med styremøte i Helse Førde, knytt til eit planlagt styreseminar 27.april 2017.

Styret i Helse Førde er samd i presiseringar i brevet dykkar når det gjeld Lov om helseforetak og dei instruksar som er gitt for bruk av styreseminar. Dette er styret godt kjent med, og styret handsamar ikkje saker i styreseminar. Handsaming av saker skjer kun i styremøte. Derimot nyttar styret i Helse Førde styreseminar til orienteringar og informasjon, det vere seg om nasjonale og regionale prosessar og styringssignal, strategiske saker i ei tidleg fase der det er tenleg med omfattande orienteringar av eit format som ikkje høver i eit styremøte, interne diskusjonar om styret si arbeidsform osb. Ideelt sett bør styreseminar leggest i etterkant av styremøtet for å unngå mistanke om at ein nyttar styreseminaret til førebuande diskusjonar. Grunna lange reiseavstandar for styremedlemmer, vert styreseminar i Helse Førde av praktiske årsaker likevel gjerne lagt til kvelden før eit styremøte.

I dykkar brev skriv de at "Her skal det etter det vi er kjent med behandles en sak som omhandler foretakstillitsvalgtes kritiske tilsvaret til rapport om omstilling fra Steenstrup Stordrange og AFF til styret." Dette viser til planlagt styreseminar 27.april. Den omtalte saka skulle ikkje handsamast i styreseminaret. Derimot var det m.a. planlagt orientering frå dei to konsulentane som utarbeidde den omtalte rapporten. I utgangspunktet var dei førespurt om å orientere i styremøtet 28.april, men grunna utanlandsreise for ein av konsulentane, let ikkje det seg gjere utan store praktiske vanskar. Difor vart orienteringa planlagt til kvelden før styret skulle handsame saka i styremøtet. For å unngå den bekymringa som de uttrykker i dykkar brev, flytta vi likevel orienteringa til styremøtet. Det var sjølvstøtt den beste løysinga for styret, men det medførte at ein av konsulentane brukte 20 timar på reise i fylket vårt, med dei kostnadene det også gir for føretaket. Store avstandar og vanskeleg kommunikasjon er ein realitet som vi må forholde oss til i Sogn og Fjordane, både i tenestene og i styret sitt arbeid.

Styret i Helse Førde handsamar ikkje styresaker i styreseminar, slik det vert hevda i brevet. Vi er elles samde i dei presiseringane av lov og føringar frå eigar som vert gjevne i brevet, og etterlever



Helse Førde HF
Administrasjon

Besøksadresse:
Svanehaugvegen 2
6812 Førde

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

dei i styret ved å legge til rette for open handsaming av styresakene. For eigen del vil vi seie at styreseminar er ei tenleg arbeidsform for at styret skal ha eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Så langt det er praktisk, vil vi halde styreseminar i etterkant av styremøte slik at det ikkje kan stillast spørsmål ved om ein førehandsdiskuterer saker som skal handsamast i styremøtet. Når tema tillet det, kan også styreseminar vere opne.

Vennleg helsing

Agnes Landstad
styreleiar i Helse Førde HF